

Saksbehandlar: Atle Reidar Sandnes, Næringsavdelinga
Sak nr.: 14/7134-2

Klagehandsaming INU-FSF

Fylkesdirektør for næring rår HPN til å gjere slikt vedtak:

Hovudutval for plan og næring tek orienteringa om klagehandsaming i saker som er handsama av INU-FSF styret til vitande.

Vedlegg (uprenta):

Delegerings- og Innstillingsregelement

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

På styremøte i INU-FSF den 9.oktober 2014 vart det stilt spørsmål ved korleis ein skal handsame eventuelle klager på vedtak i dette styret.

2. Vurderingar og konsekvensar

2.1 Klagerett

Dei økonomiske midlane det her er snakk om blir tildelt av Kommunal og Moderniseringsdepartementet (KMD) over statsbudsjettet kapittel 551 post 61(Kompensasjonsordninga). Midlane skal forvaltast etter eigne retningsliner. Midlane er søknadsbaserte etter utlysing. Både offentlege og private rettssubjekt kan søkje på midlane . Søknadane blir handsama og utgreidde av administrasjonen i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Vedtak om tildeling av midlane blir gjort av INU-FSF styret . Vi vurderer vedtak om fordeling av desse midlane til å vere enkeltvedtak som kan påklagast etter reglane i forvaltningslova.

Sitat frå lova:

«Enkeltvedtak kan påklages av en part eller annen med rettslig klageinteresse i saken til det forvaltningsorgan (klageinstansen) som er nærmest overordnet det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket (underinstansen)».

2.2 Underinstans

Hovudutval for Plan og næring er etter fylkesdirektøren si vurdering å sjå på som underinstans (etter vedtak i INU-FSF styret) jf. Sogn og Fjordane Fylkeskommune sitt delegasjonsreglemt kapittel 2.6 andre avsnitt, sitat : «Ved delegering til arbeidsutval eller anna organ under hovudutval, er det hovudutvalet som skal ha funksjonen som underinstans».

Undreinstansen skal handsame klagen før eventuelt oversending til klageinstansen.

Fylkesdirektøren meiner at INU-FSF styret kjem inn under det som her er kan sjåast på som *arbeidsutval eller anna organ under hovudutval*.

2.3 Klageinstans

Fylkesutvalet er klagenemnd Jf. delegerings reglement kapittel 1.4.3 fjerde avsnitt : «Fylkesutvalet har funksjonen som klagenemnd etter forvaltningslova § 28, jf. FT-sak nr. 46/92».

3. Konklusjon

Fylkesdirektøren meiner at hovudutval for plan og næring er underinstans og difor skal handsame klager på vedtak i INU-FSF styret. Det er viktig at INU-FSF skal vere orientert om klagen, og dei skal difor forleggast klagen og ha rett til å uttale seg om denne som ein del av klagehandsaminga. Om ikkje klagen vert teken heilt eller delvis til følgje og vedtaket dermed blir oppretthalde skal saka sendast vidare til fylkesutvalet som klagenemnd.